



Hemsedal kommune

Møtoreferat

Referatdato: 04.02.2020 **Møtedato:** **Referanse:** 20/00285-1

Mottakrar:
Ola Frogner/Teknisk; Jan Olav Helling/Rådmann; Pål Terje Rørby/Ordførar

Referent:
Jørn Magne Forland

Kopi:

Referat frå møte i klimarådet i januar

Møtestad: Kommunestyresalen på kommunehuset i Hemsedal
Tidspunkt: 28.januar kl 13-14.

Tilstades: Pål Terje Rørby, Jan Olav Helling, Ola K Frogner og Jørn Magne Forland

Eksternt inviterte: Helge Torsgard frå Hallingdal trepellets.
Per Gunnar Markegård og Roar Ulviksbakken frå Hemsedal Energi.

Punkt	Beskrivelse	Ansvarleg	Frist
1	<p>Orientering om Hemsedal bioenergisentral v/ Helge Torsgard og vidare om framtidsutsikter</p> <p>Det er fleire av dei nærmaste næringsbygga som ikkje er påkobla sentralen. Grunnen til dette er at Hemsedal bioenergisentral ikkje har konsesjon, og difor kan ikkje kommunen krevje at alle nærliggande bygg koplars seg på. Kommunen kan berre oppfordre/anbefala dette då kommunens energi og klimaplan ikkje er juridisk bindande. Hemsedal bioenergisentral har valt å ikkje søkje om konsesjon då dei får leveringsplikt av varme som ikkje skal vere dyrare enn alternativet. Dette er ikkje økonomisk berekraftig.</p> <p>Det er positive utsikter for fleire kundar då fleire nærliggande aktørar har signalisert at dei vil kople sine bygg til sentralen. For å sikre enda fleire kundar til sentralen er det viktig å</p>	Hemsedal kommune og Hallingdal trepellets	Løpande

	<p>framsnakke pellets som ei miljøvenleg oppvarmingskjelde og at prisane er konkurransedyktige med straum dersom ein tek med andre utgifter utbyggarar kan rekne med å få. (For eksempel vedlikehaldsutgifter ved varmepumpeløysingar m.m.). Her bør kommunen og Hemsedal bioenergisentral i fellesskap kommunisere dette ut til utbyggarar som står i startfasen. Spesielt vil miljøaspektet veie tungt då Hemsdal er i startfasa med å verte eit berekraftig reisemål.</p> <p>Det vil også vere slik at utbyggarar må forvente ein auka kostnad i form av anleggsbidrag dersom Hemsedal energi må utvide straumtilførsel (effektledet) ved bygging av ny trafostasjon, m.m.) Hemsedal Energi har per no god kapasitet, men for at dette også skal gjelde i framtida har dei lagt opp til at kommande utbyggingar i skiheisområdet koplar seg på pelletssentralen, der avstanden ligg til rette for dette.</p> <p>Det er framleis behov for meir kunnskap kring dette med bioenergi, jordvarme og andre oppvarmingsalternativ. Klimarådet vil invitere siv.ing. Kjell Gurigard til å koma og gje ei innføring i tematikken. Kommunen kan deretter lage ei info-brosjyre om dette.</p> <p>Ordførar Pål Terje Rørby har ynskje om å besøke Hallingdal Trepellets i Kleivi.</p>		
2	<p>El-bilar og lading i Hemsedal v/ Hemsedal Energi</p> <p>Hemsedal Energi har ikkje oppfatta at det er mangel på ladestasjonar i Hemsedal. Per i dag er det ladestasjonar ved Kiwi, ved Meieriet og i Skiheisområdet. Kommunen har heller ikkje inntrykk av at det manglar ladestasjonar.</p> <p>Det som kan utgjere ei utfordring er ynskje om hurtiglading ved private hytter. Til dette trengs det utvida nettkapasitet (auka effekt) og slik utbygging vil vere kostbar. Denne kostnaden må hytteeigarane ta sin del av.</p> <p>Framtidig lading av ei stadig aukande mengde el-bilar vil i besøkstoppane i jul og vinterferie kunne utgjere ei utfordring for kapasiteten på nettet.</p>		

Med helsing

Jørn Magne Forland
Referent